



Haukeland Invest as

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/67 - 15/8569

Saksbehandlar:

Hogne Askeland

hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:

21.07.2015

Byggesak Gbnr 74/51 Olsvoll - tilbygg - mellombels bruksløyve

Delegasjonssak nr.: 181/2015

Saksutgreiing:

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette har dei stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med løyver og krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova og vedtaka i saka datert 20.01.15 og 25.03.15. Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har stadfesta at byggverket har tilfredstillande tryggleiknivå og har identifisert attståande arbeid som følgjande:

- Overlevering av FDV-dokumentasjon.
- Slutføring av avfallsplan.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til 29.09.2015.

Vedtak:

I medhald av delegasjonsreglement i Radøy kommune og plan- og bygningslova § 21-10, 3 ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for tilbygg industribygning gnr. 74 bnr. 51 i Radøy kommune på følgjande vilkår:

1. Ferdigattest skal liggje føre innan 29.09.2015.
2. Det vert å betale følgjande gebyr for handsaming av mellombels bruksløyve:

Kode 10.2.8 Delt sakshandsaming, mellombels bruksløyve kr. 2.700,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato, jf. gebyrregulativet.

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no

Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



frist er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyrast. Bygningsstyresmakta vil følgje opp manglande ferdigstilling med pålegg og sanksjonar etter plan- og bygningslova kap. 32.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset.

Bruksendring krev særskilt løyve (jf. pbl. § 20-1).

Skildring:

Adresse:	Radøyvegen 717
Bygningstiltak/bygningsnr.:	Annen industribygning/30013194
Bruksareal:	1447 m ²

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf. forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Haukeland Invest as